



# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe

<b>Møtedato:</b> 08.05.2018	<b>Møtestad:</b> Møterom Haukedalen, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Ole John Østenstad Ellen Jensen Marit Solheim Øystein Høyvik Solveig Bringeland Stian Jakobsen Øyvind Bang-Olsen Elin Enebakk Torill Anita Segtnan Malin Moldestad  Jan Birger Moe (Sak 3)	Atle Fasteland

<b>Møteleiar:</b> Ole John Østenstad	<b>Møtereferent:</b> Malin Moldestad
--------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 27.04.18</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Referatet vart gjennomgått og godkjent</li><li>Oppfølging av sak om prosjektleiar digitalisering, ingen interne kandidatar har meldt seg. Drøfting om det bør lysast ut på nytt.<ul style="list-style-type: none"><li>Konklusjon: Stillinga vert lyst ut på nytt som ei fast stilling i veke 20</li></ul></li></ul>		
2	<b>Korleis skal vi organisere det vidare prosjektarbeidet når leiargruppa er på plass 1. juli – innleiing og drøfting v/Ole John Østenstad og Øystein Høyvik</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Drøfting av kva justeringar som bør/må gjerast når det gjeld prosjektstyring og – leiing frå sommaren av<ul style="list-style-type: none"><li>Organisering av administrativ styringsgruppe «leiargruppa» i ny fase</li></ul></li></ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vanskeleg å avgjere dette før den nye leiargruppa er på plass, før roller er avklart</li> <li>• Ingen konklusjon, men god diskusjon og semje om nokre føringar: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Forslag om at administrativ styringsgruppe viadreførast som i dag, som eit kontaktpunkt mellom prosjektleiar og dei «gamle» kommunane v/rådmenn og med HTV og HVO, og ei eiga leiargruppe med kommunalsjefar og prosjektleiar</li> <li>○ Forslag om å utvide administrativ styringsgruppe til å inkludere dei nye kommunalsjefane</li> <li>○ Viktig at kontaktpunktet mellom dagens kommunar og den nye kommunen vert vidareført på ein god måte, formelle og legitime kommunikasjonslinjer</li> <li>○ Det gode samarbeidet mellom den administrative leiinga/prosjektleiar og hovudtillitsvalde og hovudvernombodet skal halde fram og dei skal/bør vere representert i den nye leiargruppa</li> <li>○ Nye kommunalsjefar går inn som leiar i det administrative nettverket på deira område</li> <li>○ Kulturbygging vert eit viktig fokus for den nye leiargruppa hausten 2018</li> <li>○ God rolleforståing og tydeleg ansvarsfordeling</li> </ul> </li> </ul>		
3	<p><b>Prosedurar/reglement på personalområdet v/Jan Birger Moe</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av framlegg til «Tilsetjingsprosedurar i Sunnfjord kommune»</li> <li>• Gjennomgang av framlegg til «Prosedyre for endring og opphøyr av arbeidstilhøvet»</li> <li>• Administrativ styringsgruppe drøfta dokumenta i samsvar med hovudavtalen og dei vart samrøystes godkjende</li> </ul>		
4	<p><b>Praktiske forhold knytt til prosjektgjennomføring - mellom anna</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frikjøp, kompensasjon og godtgjersle <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Oppfølging av reglementet, fungerer utbetaling i den enkelte kommune som avtalt?</li> <li>○ Rådmennene har ansvar for å følgje opp utbetaling av møtegodtgjersle til folkevalde og tillitsvalde i PSU. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Malin Moldestad lagar ei oversikt for kvar kommune som blir tilsendt etter førespurnad.</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>• Deltaking på kurs mv <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det må vere lik praksis i kommunane, administrativ styringsgruppe har lagt opp til ein generell praksis: viss tilsette i kommunane vil delta på kurs/arrangement og liknande, må den aktuelle kommunen avgjere dette og dekkje utgifter</li> </ul> </li> <li>• Rekneskapsføring <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Terje Guddal har utarbeida rutinar for føring av rekneskap for etablering av Sunnfjord kommune</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Øystein Høyvik saman med Terje Guddal oppdaterer rutina i samsvar med drøftingar gjort i møtet</li> <li>• Revisjon <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Oppdatering av rutine jf. e-postar frå Terje Førde</li> <li>○ Øystein Høyvik utarbeidar forslag som blir sjekka ut med Terje Førde</li> </ul> </li> </ul>		
5	<b>Fellesnemnda sitt møte 09.05.18 – alt avklart?</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av dagsorden</li> <li>• Ole John Østenstad vil orientere om søknaden frå Jølster til Førde om medfinansiering av fotballhall på Skei og førespurnaden frå Naustdal til Førde om samarbeid knytt til sakshandsaming og systemansvar på helse- og omsorgsområdet</li> </ul>		
6	<b>Status i administrative og politiske prosjekt</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kort gjennomgang av prosjektoversikta</li> </ul>		
7	<b>Tilsettings- og rekruttering av leiarar mv – orientering om prosess v/Ole John Østenstad</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ole John Østenstad har opna for samtalar med tilsette utanfor «utvalet», men er tydeleg på premissar i omstillingsavtalen.</li> <li>• Drøfting om kommunikasjon og informasjon om prosessen er tilstrekkeleg ut til einingsnivå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dette arbeidet er delt i fasar og det er tilstrekkeleg å halde informasjonsmøte for einingsleiar til hausten</li> <li>○ Einingsleiarane har eit ansvar for å bruke etablerte kommunikasjonskanalar og vidareformidle relevant informasjon til sine tilsette</li> </ul> </li> </ul>		
8	<b>Administrativt prosessnettverk 14. og 15. juni – deltaking og innspel til tema</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ole John Østenstad har kome med innspel om organisering av det vidare prosjektarbeidet i ny fase, når leiargruppa er på plass (sak 2), som tema.</li> <li>• Øystein Høyvik tek i mot innspel til tema og ønskje om deltaking</li> </ul>		
9	<b>Eventuelt</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ole John har sendt inn ein kronikk til Firda som blir publisert på fredag 11. mai – markerar 600 dagar til Sunnfjord kommune</li> </ul>		

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*